

Falkvor Lomanssons bruderov

Velle Espeland

Denne gongen er det ei riktig gammal bruderovsvisa vi tek opp av skuffen, kanskje ei av dei eldste viser som er bevart i Noreg. Det bruderovet som visa fortel om er historisk nok. Det var den svenske adelsmannen Folke Lagmannson som røva jomfru Ingrid Svantepolksdotter i mars månad i år 1288. Ingrid (som vert kalla Vendelin i visa) var i si tid den aller rikaste jomfru i Sverige og dessutan var ho trulova med David Torsteinsson, drottsete i Danmark. Tittelen drottsete fortel at han var kongens spesielle rådgjevar. Etter bruderovet flykta Falkvor med brura si til det norske hoffet i Bergen, og det var nok det tryggaste, for svenskekongen kasta straks brørne til Falkvor i fengsel. Broren Karl vart faktisk halshogd to år seinare fordi han hadde vore med på bruderovet.

Vi veit ikkje når visa er dikta, men ho må ha vorte til medan folk ennå hugsa Falkvor og Ingrid. Vi veit ikkje korleis Ingrid (Vendelin) oppfatta dette bruderovet. Det er ting som kan tyde på at dette kanskje var ei politisk voldtekt og ikkje ei romantisk bortføring slik visa fortel. Og nettopp dette har fått Bengt Jonsson ved Svenskt Visarkiv til å meine at visa er laga ved det norske hoffet i Bergen. Det var i alle fall der, i krinsen kring Falkvor dei hadde mest å tene på å framstille bruderovet romantisk.

Visa har levd i munnleg tradisjon og er først oppskrive i Telemark i 1840-åra. Når visa har halde seg så lenge kjem det nok av den romantiske historia, men den gode melodien som prestedottera Olea Croeger har skrive opp, har nok også ein del av æra. Alt i alt er visa skriven opp i ca. 25 meir og mindre ulike versjonar. Den versjonen som er trykt her har vi skore litt ned og tilpassa slik at den ikkje skal vere for vanskeleg å syngje.

Det er særleg songdansmiljøet som har brukt denne visa. Kvedarane har vore lite interesserte i ho, derimot har både Erik Bye, Alf Cranner og Lillebjørn Nilsen har hatt ho på sitt repertoar.

Falkvor levde resten av livet sitt som 'asylsøkjar' ved hoffet i Bergen. Ingrid fødte han ein son der. Han vart kalla Knut Folkesson og han var drottsete i Sverige eit stykke utpå 1300-talet.

Falkvor Lomansson

Det var Torstein Davidsson,
han ville til bryllaups bjode;
og det var Falkvord Lomansson,
han let sine hestar ringskoe.
- Riddaren vågar han livet sitt for ei jomfru

Det var årle om morgonen,
soli ho ryr i dalar,
opp stend Falkvor Lomansson,
legg på forgylte salar.

Ut kjem hans sæle mo'er,
tårir renn'e på kinn:
"hore aktast du av i dag,
du Falkvord, kjær sonen min?"

"Eg vil prøve mine hovmenn,
eg vil prøve min hest;
eg vil taka att vivet mitt,
som Torstein Davidsson hev fest."

Det var Falkvor Lomansson
han seg av garde rei:
der grodde kje graset på femten år,
der hans grågangaren steig.

Det var Falkvord Lomansson,
han kom seg ridand i gård,
inn så spring'e den lisle smådreng,
seie han tidend ifrå.

Inn så spring'e den lisle smådreng,
seie han tidend ifrå:
"Her stend fullt tunet av hærkleddede menn,
og alle som duvone grå!"

Og det var fruva Vendelin,
ho ut av vindauga såg:
"Det er Falkvord Lomansson,
han hev meg lengstom trått.

De take av meg mitt hovudgull,
og set meg med nedre bordsende;
kjem han Falkvord Lomansson,
han må meg inkje kjenne!"

Inn kom Falkvord Lomansson
med høgan hatt i hende,
helsar han jomfru Vendelin:
"Så vel som eg deg mon kjenne!"

Det var Falkvord Lomansson,
han gjorde i hondo sterk;
så tok han jomfru Vendelin
og sette på høgan hest.

Og det var den lisle småsvein,
han gjorde bå' rei og rann,
så rei han dei femten valske mil,
til han Torstein Davidsson fann.

"Her sit'e du Torstein Davidsson,
drikk'e mjød og vin;
heime er Falkvord Lomansson,
rid av med di unge brur!"

Opp stod Torstein Davisson,
han ropar ivi all den gård:
"De stande opp mine gode hovmenn,
kle dikkon i brynjune blå!"

Seint var det om søndags eftan
då kvesste dei sine spjut,
årle var det om måndags morgon,
då rei dei hærkjemper ut.

Dei møttest ut på Demannhei,
uti så tykk ein gnyr;
branden beit og brynja sleit
og røyken stod opp i sky.

Dei stridde der i dagar
og vel i dagane två:
atte stod Torstein Davidsson,
alt folkjet dei falt ifrå.

Heim-te rei Torstein Davidsson
med brotne salar og tome;
Falkvor spelar for bergjo nord
alt med sin rosens blome.
- Riddaren vågar han livet sitt for ei jomfru